

Hemsedal kommune

Møteinnkalling

Kommunestyret

Møtested: Kultursalen

Møtedato: 08.05.2008

Tid: 19.00

Eventuelle forfall må meldast til møtesekretær i sekretæriet på telefon 31408800

Varamedlemmer møter kun etter nærmere avtale.

Før møtet: Folkets spørjetime

Etter møtet: Open post

SAKSLISTE

Saknr.	Arkivsaksnr. Tittel
20/08	08/525 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE
21/08	08/525 MELDINGAR
22/08	08/181 UTVIDA TIMETAL VED TUV OG ULSÅK SKULAR
23/08	08/340 KLAGEORGAN FOR ENKELTVEDTAK JAMFØR KOMMUNEHELSETENESTELOVA
24/08	06/1369 AVFALLSPLAN FOR HALLINGDAL 2007-2010
25/08	07/1783 TRØIM RENSEANLEGG, LUKTFJERNINGSANLEGG
26/08	07/734 ASFALTERING 2007 - GRØNDALSVEGEN - PROSJEKTRAPPORT
27/08	07/1007 LIOVEGEN - VEDLIKEHOLD OG OPPSETTING AV AUTOVERN

28/08	08/123	STRATEGIER FOR BRUKEN AV NÆRINGSFONDET
29/08	08/345	FRAMLEGG - NYE VEDTEKTER FOR KRAFTFONDET (NÆRINGSFONDET)
30/08	08/445	NYE RETNINGSLINER FOR NÆRINGSFONDET
31/08	08/204	ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA - BU OG DRIVEPLIKT MED MER - HØYRING
32/08	06/604	REISELIVSPLAN 2007 - 2010
33/08	08/434	U.off STILLINGSHEIMLER AVLASTNINGSBUSTAD

Hemsedal, 28. april 2008

Olav Støyten (sign)
Varaordfører

Anne Marie Storeheier
sekretær

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 20/08
Arkivsaksnr: 08/525
Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 20/08	Kommunestyret	08.05.2008

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av protokoll frå møtet i kommunestyret 3. april 2008 .

Rådmannen si tilråding:

Protokoll frå møtet i kommunestyret 3. april 2008 vert godkjent

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 21/08
Arkivsaksnr: 08/525
Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 21/08	Kommunestyret	08.05.2008

MELDINGAR

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Møtebok Hallingtinget 2. – 3. april 2008.

Saksopplysningar:

Som vedlegg.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret har ingen merknader til meldingane

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 22/08
 Arkivsaksnr: 08/181
 Arkivkode: B15 &13

Saksbehandler: Harald Sundsøy

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 12/08	Hovudutval for Livsløp	10.04.2008
PS 22/08	Kommunestyret	08.05.2008

UTVIDA TIMETAL VED TUV OG ULSÅK SKULAR

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret.

Vedlegg:

Notat - berekning innsparing skuleskyss

Dokument i saka:

1. Høyringsnotat av 4.2.2008 frå Kunnskapsdepartementet om utvida timetal på barnetrinnet.
2. St.prp. nr. 1 (2008-2009)
3. F-012-06, revidert. 07.08.2007

Saksopplysningar:

Stortinget har slutta seg til at timetalet på barnetrinnet skal utvidast med fem veketimar på 1.-4. årstrinn, fordelt med to timar i norsk, to timar i matematikk og ein time i engelsk.

I St.prp. nr. 1 for 2008-2009 heiter det at ” *Regjeringa foreslår i budsjettet for 2008 å utvide timetalet på barnetrinnet med til saman fem uketimar à 60 minutt på 1.-4. trinn fordelt på to timar i norsk, to timar i matematikk og ein time i engelsk. Igjennomsnitt får elevane på desse trinna ein auke på noko over ein time i veka, til om lag 18,5 timar.*

Timetalsauken skal gjelde frå hausten 2008. Det er foreslått ei løyving på 275,7 mill kroner til dette i 2008. Av dette vil 270 mill. kroner bli lagt inn i rammetilskottet til kommunane, jf kap. 571 post 60 i budsjettet til Kommunal-og regionaldepartementet.

Forslag til endra fag-og timefordeling som følgje av timetalsutviklinga vil bli sendt på høring.”

I forslaget til auka timetal har departementet lagt vekt på å styrke både fagleg læring og tidleg utvikling av grunnleggjande ferdigheiter. Fleire timar gir også større rom for tilpassa opplæring.

Det er fastsett eit samla minstetimetale for hovudtrinn i grunnskulen som elevar har rett til, og som skuleeigar har plikt til å gi. Hovudtrinna vil seie barnetrinnet, 1.-7.trinn og ungdomstrinnet 8.-10.trinn.

Timetalet er fastsett som klokketimar for hovudtrinnet i grunnskulen. Omrekning til klokketimar frå 45 minuttars timar inneber ikkje endringar i omfanget av opplæringa, med unntak av nokre mindre tilpasningar.

Innanfor hovudtrinna fastset skuleeigar fag-og timefordelinga på årstrinn. Det er ikkje høve å flytte timar mellom hovudtrinna. Den enkelte skule har fridom til å leggje til rette i undervisningseiningar innanfor det fastsette timetalet.

Forhold til overordna plan:

Læreplanen.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Timetalet for 1.-4. årstrinn i grunnskulen i Hemsedal blir utvida med 304 årstimar tilsvarende 8 veketimar. Dette utgjer ein samla stillingsauke med 30,77 % ved Tuv og Ulsåk skular til saman.

Timetalsutvidinga vil gjelde frå og med 1.8.2008.

Dette inneber ein meirkostnad for 5 månader i 2008 med kr. 62.000.

Kostnaden for 2009 og vidare blir kr. 148.800.

Situasjonen ved skulane inneber at dei ikkje har høve til, innan eiga budsjetttramme å finansiere timetalsutvidinga.

Midlane til timetalsauken må sjåast i samanheng med rammetilskottet til kommunane, jf kap. 571 post 60 i budsjettet til Kommunal-og regionaldepartementet.

Eksisterande timefordeling-minstetimetale for 1.-7. årstrinn (klokketimar):

KRL	427
Norsk	1296
Matematikk	812
Naturfag	328
Engelsk	328
Fremmedspråk/språklig fordypning	0
Samfunnsfag	385
Kunst og håndverk	477
Musikk	285
Mat og helse	114
Kroppsøving	478

Elevrådsarbeid	0
Programfag til valg	0
Sum	<u>4 930</u>

Skulane i Hemsedal har i dag 45 minutt økter.

1., 2., 3. og 4. årstrinn har kvar 23 timar per veke, totalt 92 timar.

5. årstrinn har 24 timar per veke.

6. og 7. årstrinn har 30 veketimar kvar.

1.-4. trinn: $92 \cdot 38 = 3496$ årstimar

5. trinn: $24 \cdot 38 = 912$ årstimar

6.-7. trinn: $60 \cdot 38 = \underline{2280}$ årstimar

Totalt: 6688 årstimar

6688 årstimar (i 45 minutt økter) utgjer for 1.-7. årstrinn 3 timar per veke meir enn minstetimetallet.

Utvidinga med 5 klokketimar per veke frå 01.08 tilsvarar 6,7 veketimar i 45-minutt økter.

Av di Hemsedal allereie har dei 3 timane for mykje frå før, blir utvidinga 3,7 veketimar. For å få heile timar bør ein rekne 4 timar per veke.

Utvidinga bør leggjast til 1.-4. årstrinn i tråd med departementet sin intensjon med tiltaket.

Ved å leggje timane til 1.-4. trinn til fredagar vil ein få fire heile skuledagar ved Tuv og Ulsåk og dermed spare inn på skuleskyssen fordi elevane då vil slutte samstundes som elevane på HBU.

Situasjonen ved skulane inneber at dei ikkje har høve til, innan eige budsjettamme å finansiere denne timetalsutvidinga.

Ved Ulsåk skule har synleggjort verknadane ved ein budsjettreduksjon med 4%. Skulen er i ein spesiell situasjon i forhold til elevar med spesielle behov. Med bakgrunn i situasjonen har Økonomiutvalet i mars 2008 gjort tilråding for kommunestyret.

Økonomiutvalet har i same møte gjort tilråding om å redusere budsjettet for Tuv skule med kr.145.000, tilsvarande 4% på driftsbudsjettet.

Tuv skule har i budsjettet for 2008 innarbeidd eit enkeltvedtak som utgjer ei assistentstilling i 71% . Dette vart gjort innanfor eksisterande ramme utan å få tilført ekstra midlar. Dette enkeltvedtaket gjeld frå skulestart 2008.

Rådmannen si tilråding:

Timetallet for 1.-4. årstrinn i grunnskulen i Hemsedal blir utvida med 304 årstimar, for 2008 med kr. 62.000 og for 2009 og vidare med kr. 148.800.

Utvidinga gjeld frå og med 1.8.2008.

Finansiering til timetalsauken må sjåast i samanheng med rammetilskottet til kommunane, jf kap. 571 post 60 i budsjettet til Kommunal-og regionaldepartementet.

Hovudutval for Livsløp behandlet saken den 10.04.2008, saksnr. 12/08

Behandling:

Omforeint forslag:

1. Timetalet for 1.-4.årstrinn i grunnskulen i Hemsedal blir utvida med 304 årstimar. Utvidinga gjeld frå og med 1.8.2008.
2. Administrasjonen skal berekne innsparing med skuleskyss.
3. Eventuell netto kostnadsauke må innarbeidast i Budsjett 2008 og i Økonomiplanen 2009-2012.

Omforeint forslag vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret:

1. Timetalet for 1.-4.årstrinn i grunnskulen i Hemsedal blir utvida med 304 årstimar. Utvidinga gjeld frå og med 1.8.2008.
2. Administrasjonen skal berekne innsparing med skuleskyss.
3. Eventuell netto kostnadsauke må innarbeidast i Budsjett 2008 og i Økonomiplanen 2009-2012.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 23/08
 Arkivsaksnr: 08/340
 Arkivkode: 033 G00

Saksbehandler: Borghild Moen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 15/08	Hovudutval for Livsløp	10.04.2008
PS 23/08	Kommunestyret	08.05.2008

<p><i>KLAGEORGAN FOR ENKELTVEDTAK JAMFØR KOMMUNEHELSESTENESTELOVA</i></p>

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

1. Rapport fra tilsyn (systemrevisjon) i Hemsedal kommune. Tilsyn med deler av tjenestetilbudet til kommunenes hjemmesykepleie, herunder natttjenesten (2007), arkivsak 07/1307-6
2. Samla saksframstilling – Klagenemnd – val for perioden 2007-2011, kommunestyrevedtak, den 08.11.2007, sak 121/07, arkivsak 07/1259
3. Samla saksframstilling – Klientutval – val av medlemmer, vedtak i livsløp, den 06.12.2007, sak 37/07, arkivsak 07/1672
4. Samla saksframstilling – Ny politisk organisering i Hemsedal kommune kommunestyrevedtak, den 30.09.99, sak 66/99, arkivsak 99/01805
5. Samla saksframstilling – skal klientutvalet oppretthaldast, kommunestyrevedtak, den 07/06.2001, sak 31/01, arkivsak 00/1473
6. LOV-1982-11-19-66 Lov om helsetjenesten i kommunene (khl)
7. LOV 1999-07-02 nr. 63: Lov om pasientrettigheter (pasientrettighetsloven)
8. LOV 1991-12-13 nr. 81: Lov om sosiale tjenester mv. (sosialtjenesteloven)
9. FOR 1995-04-26 nr 392: Forskrift om vederlag for opphold i institusjon

Saksopplysningar:

I følge lov om helsetjenester § 2-4 kan den som søker om helsehjelp etter khl §§ 2- 1, 2-1 a. påklage avgjersle til det organ kommunestyret bestemmer. Klageorganet skal ha 3- 5 medlemmer. Dersom avgjersla i klageorganet går i mot den som klaga eller klaga blir avvist, skal klaga sendast Helsetilsynet i fylket. Klagefristen ert tre veker frå vedkommande fekk høve til å klage.

Det kan klagast på dersom ein som mottek tenester klagar på sjølve utføringa av tenesta, jf Pasientrettighetsloven § 7-2. Klageorganet er Helsetilsynet.

Vedtak om vederlag for opphald i institusjonar og bustad med heildøgns omsorgstenester. kan påklagast til fylkesmannen, vederlagsforskrifta § 8.

Pleie og omsorgsetaten hadde tilsyn med delar av heimetenesta i desember 2007. Det vart gitt avvik på at enkeltvedtak og underretning om enkeltvedtak ikkje er i samsvar med grunngevene vedtak, jf Lov av 10.02.67 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (fvl) § 24, 25 og 27, samt lov av 19.11.82, nr 66 om helsetjenesten i kommunene (khl) § 2-1, første og fjerde ledd og khl § 2-4. I følgje rapporten kom det ikkje fram ta opplysningar om klageadgang i vedtak som er fatta, at det skal ligge føre klagebehandling i kommunalt klageorgan for saka eventuelt blir oversendt Helsetilsynet for endelig vurdering og avgjersle (jf khl § 2-4).

Det er fleire år sidan det har vore klage på enkeltvedtak fatta etter khl i pleie og omsorgstenesta.

Det er i dag to klageorgan i Hemsedal kommune. Det eine er klagenemnda som er oppretta av kommunestyret jf vedtak i kommunestyret sak 08.11.2007, saksnr. 0121/07 der det er ei eiga klagenemnd med 3 personar og personlege varamedlemmer for valperioden 2007-2011. Det andre er klientutvalet, jf. vedtak i Hovudutval for Livsløp den 06.12.2007, saksnr. 67/07. Klientutvalet har 5 medlemmer

Det kjem fram av vedtak i kommunestyret sak 07.06.2001, saksnr. 0031/01 kva for oppgåver og ansvarsområder klientutvalet har:

Hemsedal kommune opprettheld klientutval etter Lov om sosiale tenester og Lov om barnevernstenester.

Utvalet vert klageorgan for handsaming av klage på administrative vedtak som vert gjort

Utvalet har ikkje beslutningsmynde i høve til saker etter Lov om sosiale tenester og Lov om barnevernstenester.

Sakshandsamar har ansvar for å halde politikarane orientert om stoda i verksemda. Dette bør i hovudsak anonymiserast, men i klientutvalet kan ein ha høve til å ta opp saker som er namngjevne dersom dette skulle vera naudsynt. Ei slik vurdering er det sakshandsamar som gjer.

Dette vil medføre mindre bruk av klientutval enn det som har vore praksis tidlegare.

Forhold til overordna plan:

Det kjem ikkje fram av delegasjonsreglementet eller vedtak dei siste åra kven som skal vere det kommunale klageorganet for vedtak fatta etter lov om helsetjenester i kommuner.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Det kan bli auka kostnader til møtegodtgjerlse for folkevalte sidan dei må kallast inn innan rimeleg tid etter at ei klage er motteke. Det har hittil vore få klager på vedtak eller på utføring av tenester etter lov om helsetjenester i kommunen

Vurdering:

Kommunen kan velje kva for organ som skal behandle klager etter lov om helsetjenesten i kommunene. Det er ein føresetnad at organet har 3- 5 personar. I dag er det 2 organ som behandlar klager og som har det talet på medlemmer som organet skal ha. Dette er den kommunale klagenemnda på 3 personar og klientutvalet med fem medlemmer.

Etter delegasjonsreglementet har livsløp ansvar for sakbehandling etter lov om helsetjenester i kommunen og etter lov om sosiale tjenester.

Mange som søker og mottak tenester av pleie- og omsorgsetaten og helse- og sosialetaten blir tildelt tenester både etter lov om sosiale tjenester og lov om helsetjenester i kommunen. Omfanget av det enkelte tenestetilbodet kan ofte bli vurdert ut i frå det totale tenestetilbodet som blir gitt. Det vil vere formålsteneleg at det er det same klageorganet som behandlar klagenes etter begge lovverka. Tenestene som blir tildelt er underlagt teieplikt etter særlov og inneheld sakene har mange personlege opplysningar. Det er ikkje formålsteneleg at desse opplysningane blir spreidd til fleire personar enn naudsynt for ei forsvarleg saksbehandling.

Sidan kommunen allereie har eit klageorgan for avgjersler fatta etter lov om sosiale tenester, bør dette organet også bli klageorgan for avgjersler fatta etter lov om helsetjenester i kommunen.

Rådmannen si tilråding:

Hemsedal kommunestyre vedtek at Klientutvalet skal vera kommunen sitt klageorgan for avgjersler fatta etter §§ 2-1, 2-1a i LOV-1982-11-19-66: Lov om helsetjenesten i kommunene (khl).

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 10.04.2008 sak 15/08

Handsaming:

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret:

Hemsedal kommunestyre vedtek at Klientutvalet skal vera kommunen sitt klageorgan for avgjersler fatta etter §§ 2-1, 2-1a i LOV-1982-11-19-66: Lov om helsetjenesten i kommunene (khl).

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 24/08
Arkivsaksnr: 06/1369
Arkivkode: M60 &30

Saksbehandler: Bjørn Olav Viken

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 41/08	Hovudutval Plan og Ressurs	17.04.2008
PS 24/08	Kommunestyret	08.05.2008

AVFALLSPLAN FOR HALLINGDAL 2007-2010

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Samandrag av avfallsplan

Dokument i saka:

27.07.2006 FORSLAG TIL AVFALLSPLAN FOR HALLINGDAL 2007-2010

23.08.2006 FORSLAG TIL AVFALLSPLAN FOR HALLINGDAL 2006-2009- FORSLAG TIL FREMDRIFT

26.09.2006 AVFALLSPLAN FOR HALLINGDAL 2006-2009 - UTTALE FRA ADMINISTRASJONEN

02.10.2006 VEDRØRENDE AVFALLSPLAN 2006-2009

29.11.2006 HØYRING - AVFALLSPLAN

17.12.2007 AVFALLSPLANEN

18.12.2007 AVFALLSPLAN 2006-2009 OG 2007-2010

Saksopplysningar:

Avfallsplan for Hallingdal 2007 – 2010 er utarbeida av ei arbeidsgruppe bestående av Svein Eide, Kommunalteknisk avdeling Gol kommune, Audun Aasheim, tidlegare Ordførar i Nes kommune, Birger Sorteberg/Leif Ove Satastlatten, Daglig leiar i Hallingdal renovasjon (HR) og Kjell Mykkeltvedt, miljøvernleiar Hol kommune.

Planen har vært utlagt til høyring (også til kommunane).

Arbeidsgruppa har innarbeida høringsuttalelsene i planen så langt som det lar seg gjøre. Planen er utarbeidet på grunnlag av internasjonale, nasjonale og lokale rammeføresetnader.

Det er utført ein brukerundersøking av renovasjonstjenesten i Hallingdal som syner at folk er rimelig tilfreds med tenesten – avvik er tatt omsyn til i den nye planen.

Kommunane har ikkje lengre ansvar for næringsavfall, slik at planen i stor grad berre omfattar hushaldningsavfall.

Hallingdal renovasjon har 23.789 privatabonnenter – 9031 husstandar og 14758 hytter.

I Hemsedal kommune er det 920 husstandar og 2479 hytteabonnentar.

Husstandar i tettbygde strøk har **hentesystem** beståande av eit sekkestativ til restavfall, ein plastbeholder for papir, ein beholder for glas/metall og ein beholder for farlig avfall.

Husstandar i spredt busetnad og hytter har **bringesystem** kor avfallet leverast til avfallscontainere eller returpunkt. Det er i tillegg etablert et lokalt bemanna avfallsmottak i kvar av kommunane. Hallingdal renovasjon mottok 20.500 tonn avfall i 2005.

I forureiningslova er det nå nye bestemningar om avfallsgebyr med krav om full kostnadsdekning og oppfordring om bruk av differensierte gebyr for å fremme kildesortering og redusert avfallsgenerering.

Avfallsplanen bygger vidare på dagens ordning. Overordna målsetting er:

”Det skal arbeides for redusert avfallsgenerering. Alt avfall som produseres i eller innføres til planområdet, skal disponeres på en slik måte at hensynet til helse, miljø, naturressurser og samfunnsøkonomi er best mulig ivaretatt”.

Foreslått delmål finnes i vedlagt samandrag.

Forhold til overordna plan:

Planen er i henhold til nasjonale mål og overordna planer.

Miljøkonsekvensar:

Planen ivaretek miljøomsyn betre enn tidligare. Ein betre kildesortering til materialgjennvinning ville styrka planens miljøprofil. Etablering av Hallingdal trepellets gir forbrenningsanlegget og avfallshandteringa ein mye betre miljøprofil enn tidligare

Økonomiske konsekvensar:

Dersom foreslått tiltak i planen gjennomførast vil det føre til ein auke i renovasjonsgebyret med ca 100 kr i året pr. abonnent. Oppretting av tilsynsordning for bedrifter, fastsetting av forskrifter og miljøsertifisering vil gi noen kostnader for kommunane.

Vurdering:

Planarbeidet har av forskjellige årsaker tatt lang tid. Kommunane har hatt planen til høyring, og dei forskjellige innspela er forsøkt ivaretatt. For å få vedtatt ein felles plan er det viktig at

kommunane nå vedtar planen slik den er. Dersom det vert store avvik i vedtaka må planen tilbake for ny behandling. Det vil difor være gunstig om kommunar som har andre meningar vedtek planen, men eventuelt lager tillegg i vedtaket der ein ber om at avvik utredes eller behandlast ved neste rullering. Det skjer mye på avfallsfronten nå, og arbeidet med å rullere planen bør igangsettast i 2009 slik at kommunane får vedtatt ny plan innan utgangen av 2010 (planens gyldighetsperiode).

Hausten 2006 starta pelletsfabrikken opp i Kleivi. Etter brannen regner ein med å være i drift igjen i starten av 2008. Pelletsfabrikken bruker overskuddsvarmen frå avfallsanlegget til energiproduksjon ved å lage trepellets. Dette gjør at avfallet nå går til energigjennvinning. Dette er mye meir miljøvennlig enn tidligare. Dette betyr og at avfall som tidligare vart kjeldesortert og sendt til energigjennvinning andre stader nå kan brukast til energiproduksjon i avfallsanlegget i Kleivi istaden.

De viktigaste endringar i planforslaget med vurdering:

Generelt søker ein å få mest mulig sammenfallande forskrifter, gebyr og differensieringsordningar innan hele Hallingdal.

- Dette gjør det lettare for publikum å forholde seg til ordninga. Det vil være ein stor fordel ved eventuelt felles gebyrinnkrevjing. Gebyra er i dag relativt like i hele dalen med enkelte unntak (litt høgare enn landsgjennomsnittet).

Opprette tilsynsordning for næringsavfall i den enkelte kommune eller felles for fleire kommunar, samt fastsette forskrift om gebyr ved tilsyn av næringsavfall.

- Må gjørast av kommunen og er et prioritert tiltak.

Kommunane bør gå framfor med et godt eksempel og stille miljøkrav. Kommunane og Hallingdal renovasjon bør miljøsertifiserast minst som "miljøfyrtårn" standard eller ISO standardar.

- Bra tiltak og Hol kommune har allereie dette inne i sin handlingsplan.

Økt informasjon for å redusere avfallsmengden og auke kildesorteringen.

- Positivt.

Utsetting av nye returpunkt for å betre tilgjengelighet.

- Ein oppgradering av containere og fleire returpunkt trengs. Det er viktig at tømmefrekvensen i høgtider aukes da det stadig klages over fulle containere og søppelhaugar på sidene. Informasjonen bedres.

Lukestørrelsen på containerane vurderast for å hindre at ulovlig avfall kastes nedi.

- Dette høres fornuftig ut, men vanlige avfallssekker må gå ned i – eller henges på utsida.

Ved store utbyggingar og nye reguleringsplanar må HR få planane for å påse at avfallshåndtrengen er hensiktsmessig.

- Dette er et bra tiltak. Kommunane bør også legge inn rutinar i all planlegging for å sikre dette punktet.

Utvida opningstid ved lokale avfallsmottak.

- Dette gjer det lettare å levere avfall og gir mindre forsøpling.

Papir.

- Ved dagens innsamling settes det så store krav til papirkvaliteten at visse fraksjoner ikkje kan leverast. I planperioden vil HR søke å få til ein ordning der ein kan motta et breiere spekter av papir og dermed auke gjenvinningsgraden.

Glas.

- Mange abonnentar har ikkje plass til glaset i beholder. HR har ikkje avtale med transportøren om å ta med glas som settes utanfor beholderen. Abonentane henvises derfor til å levere ekstra glas til de lokale mottak. HR bør innarbeide ein ordning med renovatøren der ekstra glas ved avfallsdunken tas med ved neste avtaleforhandling.

Innsamling av plastemballasje.

- Denne fraksjonen er grundig vurdert. Innsamla plastemballasje blir i Noreg i dag brukt til ca 50 % energigjenvinning og 50 % materialgjenvinning. Innsamla plastemballasje i Hallingdal vil derfor i stor grad bli kildesortert for så å bli sendt til energigjenvinning. Ved HR utnyttes nå all varmen til pelletsproduksjon. Den nye pelletsfabrikken er eit moderne anlegg med høg utnytting av energien og høg kvalitet på pelletsen. Mest sannsynlig vil vi få ein betre energiutnytting i Kleivi enn andre stader. Det vil også være miljømessig betre å gjennvinne den lokalt (slepp transport). Dersom plastemballasjen likevel brennes i Kleivi, vil det være mest gunstig å samle den inn med restavfallet. Ved ein slik løysning vil vi tape den ”oppdragende” effekten ved kildesortering, men det viktige må være at det blir gjort på beste måte lokalt. Det må informerast godt om at dette foreløpig er ein fullverdig gjenvinning av plastemballasje. Dersom andelen plastemballasje som materialgjenvinnast seinare auker betydelig, må det vurderast ein innsamlingsordning – helst henteordning.

Det foreslås ein bringeordning til lokale mottak for sortering av drikkekartong.

- Drikkekartong materialgjenvinnes i stor grad i dag. Det er stort fokus på dette bl.a. i TV, og mange etterlyser ordninga i Hallingdal. Sortering av drikkekartong har også ein god ”oppdragende” effekt. Avfallsplanen foreslår ein bringeordning der drikkekartong

leverast på lokale avfallsmottak kombinert med informasjonstiltak. Dette vil ha liten kostnad, men det antas også at innsamlingsprosenten vert låg. For å auke innsamlingsprosenten bør vi ha henteordning ein gong pr måned. Dette er prisa til kr 93 pr abonnent, noko arbeidsgruppa har vurdert som for stor kostnad. HR må undersøke alternative innsamlingsmuligheter for å få prisen ned. Ved akseptabel pris ligger det i planen at HR skal vurdere å innføre henteordning for drikkekartong.

Våtorganisk avfall er foreslått å kaste i restavfallet som i dag.

- Kjøkkenavfallskverner er vurdert, men er forbudt å bruke frå 01.01.07. Fleire av kommunane er ein også sterkt negativ til slike kverner pga. faren for tette kloakksystem. Organisk avfall er ein resurs og bør komposterast og brukast til jordforbedringsmiddel. Dette vil gi dyrare innsamling og HR har ikkje i dag komposteringsanlegg for dette. Dagens ordning med "heimekompostering" er positiv og anbefalast vidareført i planen.

Planen foreslår å utrede felles register for kommunale gebyr for alle kommunane.

- Ved å legge innkrevjing av gebyret til HR for alle kommunane kunne alle henvendelser om avfall gå dit. Ein ville da få samla alt på et sted, og kommunane sleppe mye arbeid. Det bør også vurderast om ein kan slå saman fleire typar register/innkrevjing som f. eks Hallingdal kraftnett.

Gjennomgang av register for abonnementsforhold i kommunane.

- Positivt da det er forskjell mellom antall registrerte hytter kommunane og antall abonnentar.

Differensiering av gebyr for hushaldninger. Det innførast muligheit for to eller fleire abonnentar til å få lågare gebyr ved å dele sekkestativ. Kommunane kan gi redusert gebyr ved heimekompostering. Øvrige muligheiter for differensiering kan vurderast.

- Dette er vurdert av arbeidsgruppa og ein har sett at man kommer veldig lett ut i praktiske problem ved differensiering av gebyr. I kommunane har det vært fremma forslag om forskjellige differensieringar ved ulike anledningar. Det bør arbeidast vidare med å sjå på "fornuftige" ordningar som er rettferdig og fungerer.

Innføring av to gebyrsatser for fritidsbustader.

Kategori 1.: Hytter og stølar utan innlagt vann og avløp – ca 70 % av dagens gebyr.

Kategori 2.: Hytter/stølar/fritidsleiligheter med innlagt vann og avløp – ca 130 % av dagens gebyr.

- Ein finner det urettferdig at ein liten hytte inne på fjellet utan veg, vatn, kloakk og lignande skal ha same renovasjonsgebyr som ein topp moderne hytte nær sentrum. Det var vanskelig å finne gode kriterier å skilje på, men arbeidsgruppa meiner det går et vesentlig skilje mellom hytter med og utan innlagt vann/avløp. Desse har ein også

oversikt over i sine arkiver. De foreslått forskjellar er basert på opplysningar frå andre kommunar, men kan justerast etter antall i de to kategoriane slik at ein får full inndekning av gebyra. Det har vært vurdert å innføre henteordning for hytter i sentrum (Geilo, Hemsedal særlig). Ein ser mange problem med dette, og det foreslås derfor ikkje innført nå.

Kommunane kan i tillegg innføre egne ordningar om ynskelig dersom dette avtales med HR og betalast separat av kvar enkelt kommune - I Hol kommune har ein for eksempel etterlyst ein grovavfallsinnsamling kvar vår.

Rådmannen si tilråding:

Hemsedal kommune vedtek Avfallsplan for Hallingdal 2007 – 2010.

Avfallsplanen rullerast innan 31.12.2010.

I samband med neste rullering av planen og ved inngåing av ny avtale med transportør ber Hemsedal kommune om at det:

- Opprettes ordning der ekstra glas som settes ved sida av avfallsstativet tas med.
- Arbeidast for å opprette ein henteordning for drikkekartong innanfor økonomiske akseptable rammer.
- Innførast innsamling av plastemballasje viss vesentlig større del av innsamla materiale enn i dag går til materialgjenvinning.

Handsaming/vedtak i Hovudutval Plan og Ressurs den 17.04.2008 sak 41/08

Handsaming:

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutval for Plan og Ressurs si innstilling til kommunestyret:

Hemsedal kommune vedtek Avfallsplan for Hallingdal 2007 – 2010.

Avfallsplanen rullerast innan 31.12.2010.

I samband med neste rullering av planen og ved inngåing av ny avtale med transportør ber Hemsedal kommune om at det:

- Opprettes ordning der ekstra glas som settes ved sida av avfallsstativet tas med.
- Arbeidast for å opprette ein henteordning for drikkekartong innanfor økonomiske akseptable rammer.
- Innførast innsamling av plastemballasje viss vesentlig større del av innsamla materiale enn i dag går til materialgjenvinning.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 25/08
Arkivsaksnr: 07/1783
Arkivkode: M42

Saksbehandler: Bjørn Olav Viken

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 34/08	Formannskapet	22.04.2008
PS 25/08	Kommunestyret	08.05.2008

TRØIM RENSEANLEGG, LUKTFJERNINGSANLEGG

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

14.12.2007 TRØYM RA- LØSNINGSFORSLAG MED BUSJETTPRIS

Saksopplysningar:

Etter oppgradering av Trøim renseanlegg opplever en ofte skjemmende lukt frå anlegget. Det er særlig når belastningen av anlegget er stor dvs. november til april, og ved sørlig vindretning at flest personer blir berørt av lukten. En kan da ofte kjenne lukta i Trøim sentrum. Spesielt ille er det for helsesenter hvor lukta trekkes direkte inn i ventilasjonen.

Årsaken til dette luktproblemet er den biologiske renseprosessen (sekundærrensing, KOF og BOF). Sekundærrensing er imidlertid et krav frå sentrale myndigheter for renseanlegg som mottar avløpsvann frå tettsteder større enn 2000 pe slik at dett er en nødvendig prosess kommunen er pålagt å ha.

Administrasjonen har utført en del undersøkelser og på bakgrunn av disse kommet fram til at beste løsning pr. dags dato er installasjon av et kullfilter. Normalt sett vil en nytte en tottrinns renseprosess med fotooksidasjon og kullfilter, da testresultater viser at det over tid vil være en optimal løsning. Dette vil imidlertid medføre en større endring av hele ventilasjonssystemet på anlegget, noe som gjør at tiltaket blir lang dyrere. Skisserte løsning er dermed ikkje optimal, men vil trolig fjerne det meste av luktproblemene.

Forhold til overordna plan:

Ingen

Miljøkonsekvensar:

Lukta frå anlegget kan til tider oppleves som skjemmende for lokalmiljøet, men utgjør ellers ingen skade. Spørsmålet som bør reises er om Hemsedal kommune som turissted kan godta at det til tider oppleves en skjemmende lukt frå rensanlegg.

Økonomiske konsekvensar:

Etter en vurdering av ulike typer luftfjerningsanlegg som er mulig å etablere på Trøim rensanlegg utan store ombyggingar har en kommet fram til følgende kostnadsoverslag:

Komponent/arbeid	Pris (ekskl. mva)
Komplett kullfilter, inkl kull for ett år	200 000
El-arbeider	10 000
Mindre tilpassning av eksisterende ventilasjon	10 000
Installasjon	20 000
Frakt/levering	10 000
SUM	250 000,-

I tillegg er det forbundet relativt høye driftskostnader med luftfjerningsanlegget. Årlige driftskostnader er beregnet til kr. 60 000,-. Disse driftskostnadene skriver seg fra utskifting av kull.

I gjeldene investeringsbudsjett er det avsatt 150 000 kr til etablering av luftfjeringanlegg. Som det fremkommer over vil imidlertid tiltaket koste om lag 100 000 kr meir enn kva som er avsatt. I tillegg må det frå 2010 løyves 60 000 ekstra på driftsbudsjettet til drift av anlegget. De økte driftsutgiftene kan kompenseres ved å sette opp avløpsgebyret ihht. selvkostprinsippet.

Vurdering:

Løsningen som skissert over er en løsnig der en har gått for et absolutt minimum av kva en kan, for å oppnå tilfredstillende luktreduksjon. Årsaken til det store avviket mellom sum avsatt i investeringsbudsjett og budsjettet pris her, skriver seg i hovudsak frå dimensjoneringen av luftfjerningsanlegget, da dimensjonerende luftmengde måtte settes langt høyere enn først antatt (dvs større kullfilter). I tillegg har en heller ikkje i investeringsbudsjettet tatt med kostanden for kull som nå er inkludert for ett år i prisen gitt over.

Dersom en går for denne løsningen må det løyves 100.000 ekstra i forhold til det som er avsatt i gjeldene investeringsbudsjett. Rent driftsmessig er det ikkje nødvendig og ha luftfjerning på rensanlegget, men sett ut frå de luktproblemer som har oppstått er det en nødvendighet. Administrasjonen ser likevel ingen store konsekvenser av å utsette tiltaket til 2009/2010.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet tilrår at Kommunestyret gjør følgende vedtak:

1. Hemsedal kommune sett i gang arbeidet etablering av luktfjerningsanlegg.
2. Finansiering: 250 000,- vert finansier gjennom låneopptak
3. Kommunestyret gjev administrasjonen fullmakt til å fullføre prosjektet innafor vedteke kostnadsramme i tråd med reglene om offentlige anskaffelser.
4. Prosjektrapport skal legges fram for Kommunestyret umiddelbart etter avslutting av prosjektet.
5. Økte driftskostnader stipulert til 60 000,- pr år avsettes i driftsbudsjettet frå 01.01.10.

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 22.04.2008 sak 34/08

Handsaming:

Framlegg frå Oddvar Grøthe:

1. Hemsedal kommune sett i gang arbeidet etablering av luktfjerningsanlegg.
2. Finansiering: 250 000,- vert finansiert gjennom låneopptak
3. Kommunestyret gjev administrasjonen fullmakt til å fullføre prosjektet innafor vedteke kostnadsramme i tråd med reglene om offentlige anskaffelser.

Framlegg frå Oddvar Grøthe vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Hemsedal kommune sett i gang arbeidet etablering av luktfjerningsanlegg.
2. Finansiering: 250 000,- vert finansiert gjennom låneopptak
3. Kommunestyret gjev administrasjonen fullmakt til å fullføre prosjektet innafor vedteke kostnadsramme i tråd med reglene om offentlige anskaffelser.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 26/08
Arkivsaksnr: 07/734
Arkivkode: Q14

Saksbehandler: John Ole Sørsveen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 53/07	Formannskapet	19.06.2007
PS 39/07	Kommunestyret	28.06.2007
PS 32/08	Formannskapet	22.04.2008
PS 26/08	Kommunestyret	08.05.2008

ASFALTERING 2007 - GRØNDALSVEGEN - PROSJEKTRAPPORT

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

1. Samlet saksframstilling, saksnummer 39/07

Dokument i saka:

03.07.2007 ASFALTERING 2007 - GRØNDALSVEGEN- TILBUD ASFALTERING 2007
18.07.2007 ASFALTERING 2007 - GRØNDALSVEGEN- KVITTERING - TILBUD LEVERT
23.07.2007 SVAR - ASFALTERING 2007 - GRØNDALSVEGEN- TILBUD ASFALTERING 2007
26.07.2007 MELDING OM POLITISK VEDTAK - ASFALTERING 2007 - GRØNDALSVEGEN
22.08.2007 AVTALEDOKUMENT ASFALTERING 2007 - GRØNDALSVEGEN

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i sak 39/07 å bevilge totalt 1,5 millionar kronar inkl. MVA til asfaltering av Grøndalsvegen.

Prosjektet ble oppstarta 10.09.2007 og ble ferdigstilt 25.09.2007. Det ble lagt asfalt frå Tubba og fram til golfanlegget, dette er under 4 km. Det ble også utbedret to kortare strekningar lenger fram der uteseksjon gjorde forarbeid med å skifte ut masser før det ble asfaltert.

Uteseksjonen skiftet også noe masse og stikkrenner på den innerste strekninga som ble asfaltert.

Forhold til overordna plan:

Ingen

Miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Dei totale kostnadane for prosjektet vart 1 662 144,- inkl. mva. dette er en overskriding på 162 144,- Overskridinga kjem på bakgrunn av en missforståelse i forhold til brutto- og nettobudsjettering. Administrasjonen antok at midlar avsett i budsjett var nettosum.

Vurdering:

Prosjektet er ikkje gjennomført innafor vedteken kostnadsramme og er forutsatt finansiert via låneopptak.

Administrasjonen foreslår at overskridinga på 162 144 kr dekkes inn ved å overføre midlar frå budsjetterte midlar til asfaltering av Grøndalsvegen for 2008 kor det totalt er avsett 600 000 kr. Gjenståande beløp til asfaltering av Grøndalsvegen i 2008 vert dermed 437 856 kr. Dette beløpet er det igjen ønskelig at man overfører til investeringsbudsjettet i 2009 kor det allereie står 600 000 kr. Totalt vil det dermed kunne asfalterast for 1 037 000 kr i 2009. Årsaka til at det er ønskeleg med overføring av midler til 2009 er at prisen pr m2 lagt asfalt vert lågare jo meir en asfalterar om gongen. Dette inneber at det ikkje vert asfaltert noko i 2008, men at ein får lagt meir asfalt i 2009 for ein rimlegare kostnad.

Det er aukande trafikk på vegen og mykje utbygging i Grøndalen, noko som førar til enda større slitasje på vegen. Når ein ser på strekninga som blei asfaltert i 2007 og det som er avsett av midlar i investeringsbudsjettet for kommande fireårsperiode vil ikkje dette holde til reasfaltering av heile vegen. Det bør difor vurderast om ein bør settje av meir midler til utbedring av vegen i løpet av 2009.

Rådmannen si tilråding:

1. Hemsedal Kommunestyre ser prosjektet med asfaltering av Grøndalsvegen i 2007 som avslutta.
2. 1 662 144,- vert finansiert via låneopptak.
3. Overforbruket på kr. 162 144 vert dekka inn ved å redusere avsette midlar til asfaltering av Grøndalsvegen i 2008 tilsvarande.
4. 437 000 kr overføres frå investeringsbudsjett 2008 til investeringsbudsjettet i 2009. Totalt vil det dermed stå 1 037 000 kr til asfaltering av Grøndalsvegen i 2009.

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 22.04.2008 sak 32/08

Handsaming:

Framlegg frå Oddvar Grøthe:

1. Hemsedal kommunestyre ser prosjektet med asfaltering av Grøndalvegen i 2007 som av slutta, jfr. K-sak 39/07.
2. Overforbruket på kr 162 144,- dekkja inn ved låneopptak.

Framlegg frå Oddvar Grøthe vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Hemsedal kommunestyre ser prosjektet med asfaltering av Grøndalvegen i 2007 som av slutta, jfr. K-sak 39/07.
2. Overforbruket på kr 162 144,- dekkja inn ved låneopptak.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 27/08
Arkivsaksnr: 07/1007
Arkivkode: Q84 &41

Saksbehandler: John Ole Sørsveen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 33/08	Formannskapet	22.04.2008
PS 27/08	Kommunestyret	08.05.2008

LIOVEGEN - VEDLIKEHOLD OG OPPSETTING AV AUTOVERN

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

19.07.2007 BEGRENSA ANBUDSKONKURANSE - OPPSETTING AV AUTOVERN - LIOVEGEN

19.07.2007 BEGRENSA ANBUDSKONKURANSE - OPPSETTING AV AUTOVERN - LIOVEGEN

31.08.2007 OPPSETTING AV AUTOVERN - LIOVEGEN- TILBUDSBREV - MESTA

17.09.2007 SVAR - OPPSETTING AV AUTOVERN - LIOVEGEN- TILBUDSBREV - MESTA

Saksopplysningar:

Liovegen har en total lengde på ca 2,5 km, den ligger stort sett i skrånende terreng med bratte hellinger på begge sider av veien. Det har de siste årene vært minimalt med vedlikehold på veien, og kun mindre akutt vedlikehold er utført. Dette har ført til at veien har blitt smalere på grunn av masse som siger ut på øvre side av veien samt tilgroing, mens det på nedre side ikke har vært tilsvarende "utvidelse"

Mangelen på autovern og vedlikehold utgjør en relativ stor fare for alvorlige ulykker ved utkjøring og det har vært klaget på dette i lengre tid, da spesielt av yrkessjåfører.

Forhold til overordna plan:

Ingen

Miljøkonsekvensar:

Mangelen av autovern og vedlikehold kan føre til flere og alvorligere trafikkuhell med stor mulighet for utslipp av forurensende vesker som for eksempel bensin og ulike oljeprodukter.

Økonomiske konsekvensar:

I gjeldende økonomiplan er det for år 2008 avsatt 500 000,- til tiltak på Liovegen.

Dersom en legger til grunn at kommunen sine mannskap tar vedlikeholdet på veien med grøfting, grusing og høvling av veien vil en med dagens priser kunne sette opp autovern på de mest utsatte strekningene på veien. Dette er til sammen ca 700 meter, samt kjøpe grus til å gruse opp hele strekningen til en kostnad av 500 000,-

Vurdering:

Oppsetting av autovern og vedlikehold av Liovegen er absolutt nødvendig med tanke på trafiksikkerhet og sikkerhet for øvrig.

Det er lagt opp til at kommunens egne mannskaper utfører nødvendig vedlikehold på veien. Og en kan regne med at det på alle utsatte strekninger blir satt opp autovern.

Rådmannen si tilråding:

1. Hemsedal kommune sett i gang arbeidet med vedlikehold og montering av autovern på Liovegen innenfor ei kostnadsramme på 500 000,- kr. Prosjektet lyses ut som åpen anbudskonkurranse i tråd med reglene for offentlige anskaffelser.
2. Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å fullføre prosjektet innenfor vedtatt kostnadsramme på 500 000,-
3. Prosjektrapport skal legges frem for kommunestyret umiddelbart etter prosjektets avslutning.
4. Finansiering: 500 000,- kr blir finansiert gjennom låneopptak.

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 22.04.2008 sak 33/08

Handsaming:

Framlegg frå Oddvar Grøthe:

1. Hemsedal kommune sett i gang arbeidet med vedlikehold av vegen og montering av autovern på Liovegen innenfor ei kostnadsramme på 500 000,- kr.
2. Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å fullføre prosjektet innenfor vedtatt kostnadsramme på 500 000,-

3. Finansiering: 500 000,- kr blir finansiert ved bruk av fond.

Framlegg frå Oddvar Grøthe vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Hemsedal kommune sett i gang arbeidet med vedlikehold av vegen og montering av autovern på Liovegen innenfor ei kostnadsramme på 500 000,- kr.
2. Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å fullføre prosjektet innenfor vedtatt kostnadsramme på 500 000,-
3. Finansiering: 500 000,- kr blir finansiert ved bruk av fond.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 28/08
Arkivsaksnr: 08/123
Arkivkode: 223

Saksbehandler: Ola K. Frogner

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 15/08	Formannskapet	12.02.2008
PS 22/08	Formannskapet	26.03.2008
PS 37/08	Formannskapet	22.04.2008
PS 28/08	Kommunestyret	08.05.2008

STRATEGIER FOR BRUKEN AV NÆRINGSFONDET

Saka blir avgjort av:

Formannskapet

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

Ingen

Saksopplysningar:

Det vert vist til status for næringsfondet, sjå tidligere sak i F-skapet. Saka reiser sentrale spørsmål om korleis kommunen bør prioritere sine ressursar i høve til næringsarbeidet på kort og lang sikt. Saken er meint som en start på ein vidare diskusjon som om mogeleg kan ende i konkrete strategier og tiltak basert på nokre overordna mål for kommunen.

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert spesielt.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert spesielt.

Økonomiske konsekvensar:

Sjå saksutgreiinga under vurdering.

Vurdering:

Alle dei politiske partia i kommunen har aktiv næringspolitikk som satsingsområde. Næringsarbeidet er eit vidt arbeidsområde om ein ikkje gjer klare prioriteringar. I vid forstand handlar næringsarbeid om alt frå effektiv byggesakshandsaming, sikre industri- og næringsareal, attraktive bustadtomter etc. til meir konkret å stimulere til nyskaping. **I det etterfølgande er eg i denne samanheng mest opptatt av å fokusere nærmare på aktivt næringsarbeid knytt til dei ressursane kommunen disponerer (næringsfondet og bruken og organiseringa av menneskelege ressursar i form av tilsette, samspell med næringslivet, kapital og FOU- miljø (Trippel Helix), samt vårt interkommunale reiskap i høve til gründeroppfølging, Hallingdal Etablerersenter).**

For administrasjonen er det viktig å få signal på sentrale spørsmål som;

1. Kva salgs forventningar vert knytt til kommunen sitt næringsarbeid,- resultat- og måloppnåing ?
2. Kva meiner ein er dei største utfordringane i høve til næringsutvikling på kort og lang sikt, og korleis ønsker ein å prioritere bruken av dei ressursane ein har til disposisjon ?

Kommunen har ikkje nokon samla næringsplan. Likevel har kommunen mange mål og tiltak som kjem fram i vedtatt Landbruksplan, men også oversikt over tiltak/ aktiviteter jfr. pkt.1.2.2. i Reiselivsplanen (ikkje enno vedteke, men som truleg vert vedteke seinare i vinter).

Tiltaksplan Reiselivsplan, <u>ikkje</u> vedtatt Reiselivsplan, - kjem opp til handsaming i vinter	Tiltakslista i vedtatt sektorplan for Landbruket, jfr. vedtak 28. juni 2007:
<ol style="list-style-type: none"> 1. Leggje til rette for vidare utviding av Hemsedal Skisenter <ol style="list-style-type: none"> a. Kommuneplanen for Tuv må setjast i gang utan unødige opphald b. Samanbinding av Hemsedal Skisenter med Trøim gjennom Totteskogen. Ei samanbinding av skisenteret og Trøim vil gje betre moglegheit for fleire heilårsopne servicetilbod. c. Talet på nedfartar og skiheisar utviklast vidare, men dette må skje i tråd med auke i talet på senger 2. Sjå til at Hemsedal Fjellandsby utviklar seg i samsvar med vedteken reguleringsplan 3. Syte for ei god og effektiv arealdisponering <ol style="list-style-type: none"> a. Langsiktig perspektiv i forhold til nye næringsareal opp mot planlagde og framtidige reiselivsområde (Næringspark) b. Balansert utvikling av varme og kalde senger. ABC – retningslinjer skal nyttast for komande utvikling c. Fleire bustadtomter i Tuv og Trøim sentrum d. Mogleg å skilje ut tomter frå eksisterande gardsbruk 4. Vurdere eit større arkitektonisk mangfald i arbeidet med reguleringsplanar 5. Leggje til rette for omregulering av tomme driftsbygningar på gardsbruk til anna næringsverksemd 6. Revidere eksisterande stig- og løypeplan 7. Syte for ein betra miljøprofil <ol style="list-style-type: none"> a. Auka fokus på mellom anna energiforbruk, renovasjon, biobrensel, biltrafikk, utslepp av 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vi må ha eit sterkt landbrukskontor som har kapasitet til å arbeide for det som til ei kvar tid er aktuelle tiltak/prioriteringar i landbruket. Landbrukskontoret må ha jordbrukssjef i full stilling som arbeider på heiltid med landbruksforvaltning i Hemsedal kommune. Ansvar: Kommunestyret 2. Sette ned ei prosjektgruppe med medlemmer både frå Hemsedal kommune, grunneigarsida og frå Hemsedal Turisttrafikklag, for å utarbeide retningslinjer og standard for organisert ferdsel i inn- og utmark i Hemsedal kommune. Nemnda for utmarksbruk vert prosjektgruppe. Ansvar: Kommunestyret 3. Revidere beitebruksplan og gjere denne til ein kombinert beitebruk- og kulturlandskapsplan som blir rullert kvart 5 år. Sette fokus på saue- og geitehaldet i kommunen, då desse dyreslaga er dei mest effektive kulturlandskapspleiarane. Ansvar: Landbrukskontoret og faglaga 4. Hemsedal kommune ynskjer og at området frå Såta til og med Lykkja skal vere eit prioritert kulturlandskapsområde hjå Fylkesmannen i Buskerud si landbruks- og næringsavdeling Ansvar: Kommunestyret 5. Stimulere, og arbeide aktivt for auka bruk av biobrensel. Kommunen skal arbeide for at kommunehuset, andre kommunale bygg og gardsbruka nyttar ved eller anna biobrensel til oppvarming. Ansvar: Kommunestyret og næringa 6. I kommuneplanen må det takast inn at grensa frå dyrka mark og til bustad- og fritidsbustader bør vere minimum 50 m. Ansvar: Kommunestyret 7. <u>Sterkt vern</u> av jordbruksarealet i alle delar av kommunen med tanke på omdisponering og nedbygging. Ansvar:

<p>CO2.</p> <p>b. Større vektlegging av miljømessige konsekvensar i kommunale saksutgreingar</p> <p>8. Setje auka fokus på miljøvenleg fritid i stille natur</p> <p>9. Arbeide aktivt mot sentrale styresmakter for betre vegnett frå aust og vest</p> <p>10. Syte for tilstrekkeleg kapasitet på energi, vatn, avløp og renovasjon</p> <p>11. Bidra til tilrettelegging av "det offentlege rom"</p> <p>a. Badeplassar</p> <p>b. Rasteplassar</p> <p>c. Gangveggar</p> <p>d. Samla og felles einskapeleg skiltplan for heile kommunen</p> <p>e. Bade – og aktivitetsanlegg</p> <p>12. Syte for at talet skjenkeløyve er i tråd med talet gjester (senger)</p> <p>13. Syte for at kommunal sakshandsaming er god og effektiv</p> <p>14. Sjå til at varme senger held fram som varme senger gjennom krav om tinglysing av utleigeklausul ved seksjonering</p> <p>15. Syte for at arbeidet for mogleg fellesgodefinansiering held fram med høg prioritet og at dette og omfattar sal av nærings- og fritidstomter</p> <p>16. Styrke sitt arbeid med næringsutvikling</p> <p>17. Bidra til at utleige av hytte / hus framleis skal vera ei viktig tilleggsnærings til tradisjonell landbruksdrift</p> <p>18. Syte for at utbyggjarar bidrar til fellesskapet frå den dagen dei skaffar ei tomt som skal utviklast til reiseformål</p> <p>19. Stimulera til at komplementære næringer kan etablerast og styrkast. Døme på dette kan vera lokal matproduksjon, lokal kultur, reiselivsrelaterte aktivitetar innan landbruk, nye enkeltbedrifter og klyngeetablering (nyskaping gjennom nettverk og læring)"</p>	<p>Kommunestyret og landbrukskontoret.</p> <p>8. Ta vare på ubebygde områder av kommunen, og utvikle og fortette områder som allereie er tatt i bruk. Avgrensing og evt. utviding av sentrum, tettstad- og reiselivsområder, må avklarast i Kommuneplan. Ansvar: Kommunestyret</p> <p>9. Ved investeringar på garden, knytt til ombygging, utviding og utbygging av landbruksbygg og bygg for tilleggsnærings, må det gjevast høve til å finansiere dette gjennom sal av tomt. Det må ligge føre eit positivt politisk vedtak om at når tiltaket er ferdigstilt, kan det gjevast løyve til fradeling. Ansvar: Kommunestyret.</p> <p>10. Tomme driftsbygningar kan til dømes nyttast til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - lager, garasje og landbruksverkstad - foredlingsanlegg, td slakteri, ysteri og bakeri - gardsbutikk og servering - kontor - Kommersiell overnatting <p>Eksempla er ikkje uttømmande</p> <p>Det er viktig at særpreget til bygningen vert teke vare på. Ansvar: Kommunestyret</p> <p>11. Oppretthalde og utvikle "Retningslinjer for tilskot til ymse jord- og skogbruksføremål" slik at tiltaka som blir prioritert er tilpassa behovet. Ansvar: Kommunestyret</p> <p>12. Informere om aktuelle tilskotsordningar (SMIL og RMP) som fremmer tiltak i landbrukets kulturlandskap, freda og verneverdige bygningar i landbruket, beiting og stølsdrift. Informere om tilskotsordningar til særskilde tiltak for å ta vare på det biologiske mangfaldet (SMIL). Ansvar: Landbrukskontoret</p> <p>13. Legge til rette for samarbeid mellom landbruksnærings, turistnærings, lag og organisasjonar. Ansvar: Kommunen og næringane</p> <p>14. Stimulere til lokal foredling av råstoff frå landbruket for sal. Ansvar: Nærings, landbrukskontoret og kommunestyret</p> <p>15. Stimulere til auka stølsdrift og også legge til rette for fellesstøler der dette er aktuelt. Ansvar: Landbrukskontoret.</p> <p>16. Fremme gode ordningar for handtering av næringsavfall. Ansvar: Hemsedal kommune, Hemsedal bondelag, Hemsedal og Gol bonde- og småbrukarlag</p> <p>17. Arbeide for langsiktige kontraktar på leigejord og for at gardbrukarane i størst mogleg grad eig den jorda dei driv, noko som kan skje ved t d frivillig bruksrasjonalisering. Ansvar: Landbrukskontoret</p> <p>18. Følgje opp retningslinjene for bu- og driveplikt som er vedtatt i kommunestyret. Det bør settast krav til at dei som tek over gard i Hemsedal, også buset seg her. Ansvar: Kommunestyret.</p> <p>19. Det bør settast i gang utredningsarbeid, for å sjå på moglege drifts- og forvaltningssamarbeid mellom fleire skogeigarlag. Ansvar: Kommunestyret</p>
---	---

Arbeidet med Kommuneplan i 2008 vil også legge føringar for korleis næringsarbeidet bør organiseres og gjennomførast.

Aktivt næringsarbeid er i høve til økonomiske rammer meir eller mindre bunde opp i allereie vedtatt pengebruk. Av frie midler, har kommunen kr. 200.000,- til Ymse Næringsføremål, ein begrensa årleg ramme. I tillegg kjem ramma til Ymse Jord og Skogsbruksføremål.

I høve til ovannevnte tiltak er det fleire utfordringar, men også moglegeheit ein kan drøfte t.d.

1. Rekruttering av arbeidskraft.

Folketalsutvikling nasjonalt/ Europa, antall bornefødsler, eldrebølgen, auka levealder og fråflytting/ urbanisering vil utvilsamt påverke tilgangen til arbeidskraft. Dette vil også

ramme Hemsedal Kommune som arbeidsgjevar, men også næringslivet i Hemsedal. Truleg vil distrikta bli ramma hardarer enn i byane. Det er eit tankekors at, på tross av betydeleg næringsverksemd i Hallingdal/ Hemsedal dei siste åra, har ikkje innbyggertalet vokse. Dette er eit forhold vi allereie i dag føler på kroppen, og som vil eskalere. Kva vil me gjere med dette, og kva kan me gjere ?

2. Statlege midler og moelegheiter

Det vert stadig lyst ut statlege tilskot eller stimuli som fremjer innovasjon, utvikling og vekst. Dette er midler som kjem i tillegg til Fylkeskommunale/ regionale og kommunale midler. Eit døme er ”Småsamfunnsatsinga”, der kommuner og regioner kan søkje om utviklingsmidler. Å høste av desse moelegheitane føresett at kommunen er i framkant, veit kva ein vil, og får integrert slike moelegheiter i samband med økonomiplan og framtidig ressursbruk.

3. Samarbeid næringsliv og kommune

Offentleg fattigdom, og privat rikdom er noko vi alle kjenner til. Det ligg eit potensial i nettopp å utvikle gode metoder som kan bidra til å sikre samfinansiering mellom partane.

4. Regionalt samarbeid

I høve til distriktene sine utfordringar vert ofte kvar kommune for liten. Det bør med andre ord ligge eit potensial innen interkommunalt samarbeid. Hallingdal Etablerersenter, som kun server gründeroppfølging, er eit godt døme. Eit tankekors er imedan at det i dag ikkje er nokon som driv aktivt akkvisisjonsarbeid for kommune/ region. Vi veit at det er mange verksemdar i Oslo som ønsker å etablere avdelingskontor, eller av ulike grunner vil flytte verksemda ut på bygda. Vågå er eit godt døme på ein kommune som gjennom aktivt arbeid har fanga inn mange bedriftsetableringar på denne måten.

5. Hytteeigar som ressurs og fritidskommuneproblematikk

Resultat frå hytteeigarundersøkelsen vert spennende å sjå nærmare på i høve til å identifisere moelega utviklingscase eller gjerne betre nytte av denne hytteeigar som ressurs. Hytteeier som ny innbygger, som investor, tilgang til kunnskap og marknad er berre nokon områder.

Store sesongvariasjoner og press på infrastruktur, primærhelsetjeneste i denne samanheng er ei stor utfordring for kommunen. Det må vere eit mål å få økte rammeoverføringer til kommunar som opplever press på infrastruktur i samband med sesongsvigninger. Kva med et samarbeidsprosjekt med t.d. Kragerø, Risør kommune og kommunene i Hallingdal ? Kva med å arr. ein oppstartskonferanse med fokus på denne problematikken. Er disse problemene godt dokumentert,- kva med å involvere FOU- på en nærmere dokumentasjon, som seinare kan nyttast som politisk pressmiddel.

Ein kan sjølv sagt fylle på med fleire punkt.

Poenget er å belyse ein del problemstillingar og moelegheiter som gjer oss i stand til å fastsette noen strategier og tiltak for kommunen sitt framtidige næringsarbeid. Resultat frå kommuneplanprosessen (tekstdelen) bør også vere aktuell å ta med seg i denne samanheng.

Rådmannen si tilråding:

Saka vert lagt fram for formannskapet til diskusjon.

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 12.02.2008 sak 15/08

Handsaming:

Omforeint framlegg

1. Saka vert tatt opp att i møte i formannskapet i mars 2008
2. Dei politiske partia vert beden om snarast å ta opp til drøfting kva dei oppfattar å vera dei viktigaste oppgåvene for kommunen for å kome vidare i sitt næringsarbeid

Omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

1. Saka vert tatt opp att i møte i formannskapet i mars 2008
2. Dei politiske partia vert beden om snarast å ta opp til drøfting kva dei oppfattar å vera dei viktigaste oppgåvene for kommunen for å kome vidare i sitt næringsarbeid

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 26.03.2008 sak 22/08

Handsaming:

Framlegg frå Oddvar Grøthe:

Saka vert utsett.

Framlegg frå Oddvar Grøthe vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Saka vert utsett.

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 22.04.2008 sak 37/08

Handsaming:

Framlegg frå Oddvar Grøthe:

Formannskapet ser at det burde vore ei strategisk næringsplan for å styre bruken av næringsfondet .Det bør vera eit mål få på plass eit slikt styringsdokument for Hemsedal kommune sitt næringsarbeid. Det kan vera aktuelt å få innspel frå næringslivet og andre i dette arbeidet.

Formannskapet ynskjer å vera styringsgruppe , og ber om ei løyving på 10.000 kr dekkja av næringsfondet til dette arbeidet.

Framlegg frå Oddvar Grøthe vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Formannskapet ser at det burde vore ei strategisk næringsplan for å styre bruken av næringsfondet .Det bør vera eit mål få på plass eit slikt styringsdokument for Hemsedal kommune sitt næringsarbeid. Det kan vera aktuelt å få innspel frå næringslivet og andre i dette arbeidet.

Formannskapet ynskjer å vera styringsgruppe , og ber om ei løyving på 10.000 kr dekkja av næringsfondet til dette arbeidet.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 29/08
 Arkivsaksnr: 08/345
 Arkivkode: 223

Saksbehandler: Ola K. Frogner

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 38/08	Formannskapet	22.04.2008
PS 29/08	Kommunestyret	08.05.2008

FRAMLEGG - NYE VEDTEKTER FOR KRAFTFONDET OG DET KOMMUNALE NÆRINGSFONDET

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Forslag til vedtekter

Dokument i saka:

Sak 14/08 i Formannskapet av 12. februar – ”Status for Næringsfondet”

Saksopplysningar:

Forslag til nye vedtekter for næringsfondet i Hemsedal kommune. Vedtektene syner dei ytre rammane for bruken av fondet.

Formannskapet hadde til handsaming status for bruken av næringsfondet i kommunen, jfr. sak 14/08. I denne saka kom det fram at vedtekene ikkje var oppdatert, og dels i strid med sentrale føringar. Samstundes, næringsfondet hadde 2 sett vedtekter, eit for Konesjonsavgiftsfondet, og eit for det kommunale næringsfondet, sjølv om begge fonda i praksis var slått saman (felles konto og handsama etter like vilkår). Vedtekter for Kraftfondet er basert på rundskriv H-3/94 frå Kommunal og Regionaldep. Fondet vart oppretta ved Kongleg resolusjon av 7. oktober 1966 og fekk overført kr. 40.000,- fra Østfold Fylke. Fylkesmannen i Buskerud gav endeleg godkjenning den 7. november 1995 med ref.nr. 95/5920 TSK.

Kommunen oppretta i tillegg eit eige næringsfond på 1980- tallet,- også her med vedtekter som liknar Kraftfondet. Også desse vedtektene vart seinare justert med bakgrunn i rundskriv H-3/94 og endeleg godkjent av kommunestyret 19. oktober 1995.

Seinare rundskriv frå Kommunal og Regionaldep., H-17/98 (Standardvedtekter for kommunale næringsfond gitt i vannkraftsaker) erstatter tidlegare føringer for Kraftfond, og det er i hovudsak dette rundskrivet som er lagt til grunn for utforming av dei nye vedtektene. Departementet rår kommuner med mindre kommunale næringsfond at dette vert forvalta etter dei same retningslinjer som kraftfondet.

Kraftfondet er definert som det regulanten er pålagt i betale i konsesjonsavgift og eventuelt i form av oppretting av fond til den einskilde kommune når eit vatnfall heimfaller til staten. Fondskapitalen kan berre nyttast til lån, herunder ansvarleg lån, og/ eller avsettast til garantifond. Avkastninga og årleg innbetalt konsesjonsavgift kan nyttast til tilskott og betinga lån.

Miljøkonsekvensar:

Ingen spesielle

Økonomiske konsekvensar:

Sjå vurdering.

Vurdering:

Kommunen har per i dag ikkje oppdaterte vedtekter for dei 2 fonda, Næringsfondet og Kraftfondet.

Kommune sin verkemiddelbruk vil endre seg over tid, avhengig av mellom anna konjungturer og politisk styring. For å sikre størst grad av fleksibelt virkemiddelapparat bør over tid vedtektene tilnærmast standardvedtekten som kun angir ytre ramme for bruken av næringsfondet. Kommunen kan med enkeltvedtak, i gjeldande næringsplanar, retningslinjer m.m., tilpasse bruken etter behov, så lenge man er innan vedtektene sine ytre ramme.

Jfr. §5 vedr. tilskot og eventuelt subsidieelement i lån med nedsatt rente, skal over ein 3 års periode stønad avgrensast til (for tida) 200.000 ECU til eit og same føremål i ein og same verksemd. Ønske om unntak frå reglane om bagatellmessig stønad vil krevje at kommunen notifiserer vedtektene til næringsfondet hos ESA som støtteordning, samt sørger for at tiltaket vert meldt Nærings- og Handelsdep, via Kommunal og Regionaldepartementet, i samsvar med "Lov om offentleg stønad". Sakshandsamar rår til at ein nyttar reglane om bagatellmessig stønad, slik som Departementet tilrår. Dette inneber at enkelte verksemder vil kunne nå maksimumgrensen for samlet offentleg stønad til same føremål i løpet av 3 år. Tal på slike saker vil truleg vere så få at ein ikkje vurderer dette som aktuelt. Valet innebærer enklere sakshandsaming og mindre rapportering til sentrale myndigheiter.

I kommentar til standardvedtektene hjå Kommunal og regionaldep. heiter det mellom anna...*"Kommunen kan lage en strengere formålsavgrensning i sine vedtekter dersom det er ønskelig. Ut over de prioriteringer som er gjort i næringsplanen, bør all næringsvirksomhet likebehandles. Kommunen bør imidlertid ikke gi støtte til næringsvirksomhet som mottar store overføringer over statsbudsjettet. Dette gjelder særlig de tradisjonelle primærnæringene."*

Hemsedal er i en spesiell stilling med store naturressursar og høg sysselsetting innan primærnæringane. Alle næringsgrener har trong for stadig utvikling og investeringar. Sakshandsamar vil difor tilrå at vedtektene likestiller alle bransjer, med unntak av dei som ikkje kan støttes jfr. reglene i EØS-regelverket.

Det bør utarbeides komplett kommunale retningslinjer for næringsfondet som oppdateres av Formannskap og i Kommunestyre, sjå forslag i eige sak.

Det ønskelege hadde truleg vore å hatt eit felles fond og eit sett vedtekter for Kraftfondet/Næringsfondet. Sidan kommunen har eit meir bunde og langsiktig forvaltningsansvar knytt til Kraftfondet vil sakshandsamar fortsatt rå til at ein operer med 2 sett vedtekter. Ein vil samstundes råde kommunen til å nytte nær sagt like vedtekter basert på Kommunal og Regionaldep., H-17/98, men at vedtektene for det kommunale næringsfondet nyttar ei noko anna ordlyd ("bør i staden for skal", - "i hovudsak ikkje" i staden for "skal ikkje" etc.). På denne måten vil kommunen i særskilte høve kunne nytte sitt eige kommunale næringsfond noko meir dynamisk, dersom dette skulle bli nødvendig. Sakshandsamar legg difor fram 2 sett vedtekter, som i praksis er tilnæringsvis like bortsett frå §2 "Føremål" - 2. ledd. I det kommunale næringsfondet legg ein inn mogelegheiten for noko større romslegheit der ein nyttar...**"Det skal som hovudregel ikkje gjevast stønad til.."**...i staden for vedtekter for Kraftfondet der ein nyttar**"Det kan ikkje gjevast stønad til.."**

Tilsvarande endring under "§2 Føremål", - 2. ledd siste setning er det lagt inn noko større handlerom i det kommunale Næringsfondet,...**" Midlane skal som hovudregel ikkje nyttast til jamleg drift av kommunen med unntak av tiltak som fremmer langsiktig næringsutvikling for kommunen, samt avdrag på lån"**.

Forskjellene mellom vedtektene er utheva i framlegg til vedtekter for det kommunale Næringsfondet.

Rådmannen si tilråding:

I henhold til Rundskriv H-17/98 for Standardvedtekter for kommunale næringsfond gitt i vannkraftsaker, vert Kommunestyret anbefalt å gjere slikt vedtak;

Standardvedtekter for Kraftfondet (Næringsfondet).

§1. Kraftfond – heimel, kapital og avkastning.

a. Fondskapitalen er:

Næringsfond på kr. 40.000,- innbetalt av Østfold Fylke i medhald av pkt. 14 i konsesjonsvilkåra for reguleringar og overføringar i Lærdalsvassdraget. Oppretta ved Kongelig resolusjon av 07.10. 1966.

b. Avkastninga er:

- Årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalt av Oslo Energi AS, Åbjøra Kraftverk, Østfold Energiverk m.fl. i medhald av ymse vilkårspunkt i konsesjonsvilkåra for Heimsil I, Åbjøra Lærdalsvassdrag m.fl.

- Renter og anna avkastning av fondskapitalen gjeve ved kongelig resolusjon.

Avkastninga kan nyttast til tilskott og betinga lån.

§ 2 Føremål.

Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Fondet kan også nyttast til kommunale nærings tiltak. Prosjekter som bidreg til å betre sysselsettinga for kvinner og ungdom bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast stønad til investeringar i ikkje- varige driftsmidlar, sanering av gjeld eller til jamlege drift av verksemdar. Midlane kan heller ikkje nyttast til jamleg drift av kommunen med unntak av tiltaksarbeid og næringsplanlegging, samt avdrag på lån.

§ 3 Stønadsformar.

Stønad frå fondet kan gjevast i form av betinga lån. Vidare kan det stilles garanti for kommunale tiltak i den grad slike er gyldige garantiformål i medhald av kommunelovens § 51, jf. departementets forskrifter om kommunal garantistilling.

I tillegg kan det frå avkastninga gjevast tilskott samt betinga lån. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemdar. Dersom det teiknast kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Dette vilkåret gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerar i samarbeid med private interessentar.

§ 4 Forholdet til internasjonal forplikting på statsstøtteområdet.

Bruken av fondet må være i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet. (Sjå EØS-avtalens regelverk for offentlig støtte, EØS-tillegget til dei europeiske fellesskaps tidende nr. 32 av 3. september 1994 med seinare tillegg og endringar).

§ 5 Støttevilkår.

Samla finansiering frå fondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av det totale kapitalbehov for et prosjekt. Ved prosjekter av særleg verdi for kvinner og ungdom, og ved nyetableringar kan det gjevast inntil 75 % finansiering.

Stønad (tilskott og eventuelt subsidielement i lån med nedsett rente) skal vera avgrensa slik:

- a. Maksimal bagatellmessig stønad må ligge innanfor til ein kvar tid gjeldande fastsett grense ECU (omregnet i forhold til referansekurs fastsett av ESA (EFTA Surveillance Authority) - EFTAs overvåkingsorgan - kvart år) til ein og same verksemd over ein tre-års periode. Verksemda som mottek stønad pliktar å opplyse kva for bagatellmessig stønad verksemda har fått dei siste tre åra.
- b. Bagatellmessig stønad kan gjevast alle verksemdar uavhengig av storleiken
- c. Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnader og næringar, unntatt stønad til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.

§ 6 Forvaltning.

Kommunestyret nemner opp fondsstyre. Om ikkje Kommunestyre vel andre organ, skal Formannskapet fungere som fondsstyre. Det er høve til å delegere avgjerslesmynde frå fondsstyret til administrasjonen innanfor nærmare gjevne fullmaktsgrensar. Slik mynde kan ikkje gå ut over dei avgrensingane som følgjer av kommuneloven sine reglar og dei kommunale og fylkeskommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane er disponible til ein kvar tid. Renter og avdrag vert ført attende til fondet. Anna plassering av midlane vert berre godteke om dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til ein kvar tid.

Fondet skal vere ein integrert del av kommunen sitt budsjett og rekneskap i samsvar med gjeldande forskrift. I tillegg skal det som vedlegg til rekneskapen lagast ei samla oppstilling av fondet sine inntekter og utgifter.

a. **Klage på lovlegskap**

Etter kommunelovens § 59 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe avgjersle treft av folkevalt organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet til kontroll av avgjerslas lovlegskap. Departementet si mynde til å avgjere klage på lovlegskapen er delegert til fylkesmannen, jf. departementets rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993. Frist for å krevje kontroll av lovlegskapen er ved forskrift av 13. januar 1993, jf. rundskriv H-4/93, sett til 3 veker frå det tidspunkt avgjersla vart gjeve.

To eller fleire av medlemmene i det kommunale organ som handsamar nærings saker kan krevje vedtak fatta av utvalet inn for kommunestyret innan same tidsfrist som ovafor.

b. **Klage på forvaltninga (partsklage).**

Vedtak om avslag på søknad om stønad vert sett på som enkeltvedtak etter § 2 i forvaltningslova. Etter § 28 i forvaltningslova 2. ledd kan enkeltvedtak gjort av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommuneloven, klages inn for kommunestyret eller en særskilt klagenemnd. Når det påklaga vedtak er gjort av kommunestyret, er departementet klageinstans. Departementet si mynde til å avgjere forvaltningsklagar er delegert til fylkesmannen, jf. rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993.

Den som er part i saken eller annan med rettsleg klageinteresse har rett til å klage.

§ 7 Årsmelding.

Det skal leggest fram ei melding om bruken av fondet for kommunestyret kvart år. Gjenpart av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 8 Godkjenning av vedtekter.

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av Fylkesmannen. Kopi av godkjente vedtekter sendes Buskerud fylkeskommune.

§ 9 Tre i kraft.

Vedtektene trer i kraft frå den dato Fylkesmannen godkjenner vedtaket.

Standardvedtekter for kommunalt Næringsfond.

§1. Næringsfond – heimel, kapital og avkastning.

c. Fondskapitalen er:

Næringsfond oppretta av Hemsedal Kommune i form av kommunale avsetningar med ein grunnkapital på kr. 250.000,- 31. desember 1992.

d. Avkastninga er:

- Renter og anna avkastning av fondskapitalen.

Avkastninga kan nyttast til tilskott og betinga lån.

§ 2 Føremål.

Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Fondet kan også nyttast til kommunale nærings tiltak. Prosjekter som bidreg til å betre sysselsettinga for kvinner og ungdom bør prioriterast.

Det **skal som hovudregel** ikkje gjevast stønad til investeringar i ikkje- varige driftsmidlar, sanering av gjeld eller til jamlege drift av verksemdar. **Midlane skal som hovudregel ikkje nyttast til jamleg drift av kommunen med unntak av tiltak som fremmer langsiktig næringsutvikling for kommunen, samt avdrag på lån**".

§ 3 Stønadsformar.

Stønad frå fondet kan gjevast i form av betinga lån. Vidare kan det stilles garanti for kommunale tiltak i den grad slike er gyldige garantiformål i medhald av kommunelovens § 51, jf. departementets forskrifter om kommunal garantistilling.

I tillegg kan det frå avkastninga gjevast tilskott samt betinga lån. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemdar. Dersom det teiknast kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Dette vilkåret gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerar i samarbeid med private interessentar.

§ 4 Forholdet til internasjonal forplikting på statsstøtteområdet.

Bruken av fondet må være i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet. (Sjå EØS-avtalens regelverk for offentlig støtte, EØS-tillegget til dei europeiske fellesskaps tidende nr. 32 av 3. september 1994 med seinare tillegg og endringar).

§ 5 Støttevilkår.

Samla finansiering frå fondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av det totale kapitalbehov for et prosjekt. Ved prosjekter av særleg verdi for kvinner og ungdom, og ved nyetableringar kan det gjevast inntil 75 % finansiering.

Stønad (tilskott og eventuelt subsidieelement i lån med nedsett rente) skal vera avgrensa slik:

- d. Maksimal bagatellmessig stønad må ligge innanfor til ein kvar tid gjeldande fastsett grense ECU (omregnet i forhold til referansekurs fastsett av ESA (EFTA Surveillance Authority) - EFTAs overvåkingsorgan - kvart år) til ein og same verksemd over ein tre-års periode. Verksemda som mottek stønad pliktar å opplyse kva for bagatellmessig stønad verksemda har fått dei siste tre åra.
- e. Bagatellmessig stønad kan gjevast alle verksemdar uavhengig av storleiken
- f. Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnadar og næringar, unntatt stønad til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.

§ 6 Forvaltning.

Kommunestyret nemner opp fondsstyre. Om ikkje Kommunestyre vel andre organ, skal Formannskapet fungere som fondsstyre. Det er høve til å delegere avgjerslesmynde frå fondsstyret til administrasjonen innanfor nærmare gjevne fullmakts grensar. Slik mynde kan ikkje gå ut over dei avgrensingane som følger av kommuneloven sine reglar og dei kommunale og fylkeskommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane er disponible til ein kvar tid. Renter og avdrag vert ført attende til fondet. Anna plassering av midlane vert berre godteke om dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til ein kvar tid. Fondet skal vere ein integrert del av kommunen sitt budsjett og rekneskap i samsvar med gjeldande forskrift. I tillegg skal det som vedlegg til rekneskapen lagast ei samla oppstilling av fondet sine inntekter og utgifter.

c. **Klage på lovlegskap**

Etter kommunelovens § 59 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe avgjersle treft av folkevalt organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet til kontroll av avgjerslas lovlegskap. Departementet si mynde til å avgjere klage på lovlegskapen er delegert til fylkesmannen, jf. departementets rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993. Frist for å krevje kontroll av lovlegskapen er ved forskrift av 13. januar 1993, jf. rundskriv H-4/93, sett til 3 veker frå det tidspunkt avgjersla vart gjeve.

To eller fleire av medlemmene i det kommunale organ som handsamar næringssaker kan krevje vedtak fatta av utvalet inn for kommunestyret innan same tidsfrist som ovafor.

d. **Klage på forvaltninga (partsklage).**

Vedtak om avslag på søknad om stønad vert sett på som enkeltvedtak etter § 2 i forvaltningslova. Etter § 28 i forvaltningslova 2. ledd kan enkeltvedtak gjort av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommuneloven, klages inn for kommunestyret eller en særskilt klagenemnd. Når det påklaga vedtak er gjort av kommunestyret, er departementet klageinstans. Departementet si mynde til å avgjere forvaltningsklagar er delegert til fylkesmannen, jf. rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993.

Den som er part i saken eller annan med rettsleg klageinteresse har rett til å klage.

§ 7 Årsmelding.

Det skal leggest fram ei melding om bruken av fondet for kommunestyret kvart år.

§ 8 Godkjenning av vedtekter.

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret.

§ 9 Tre i kraft.

Vedtektene trer i kraft frå den dato Kommunestyret godkjenner vedtektene.

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 22.04.2008 sak 38/08

Handsaming:

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

I henhold til Rundskriv H-17/98 for Standardvedtekter for kommunale næringsfond gitt i vannkraftsaker, vert Kommunestyret anbefalt å gjere slikt vedtak;

Standardvedtekter for Kraftfondet (Næringsfondet).

§1. Kraftfond – heimel, kapital og avkastning.

e. Fondskapitalen er:

Næringsfond på kr. 40.000,- innbetalt av Østfold Fylke i medhald av pkt. 14 i konsesjonsvilkåra for reguleringar og overføringar i Lærdalssvassdraget. Oppretta ved Kongelig resolusjon av 07.10. 1966.

f. Avkastninga er:

- Årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalte av Oslo Energi AS, Åbjøra Kraftverk, Østfold Energiverk m.fl. i medhald av ymse vilkårspunkt i konsesjonsvilkåra for Heimsil I, Åbjøra Lærdalssvassdrag m.fl.

- Renter og anna avkastning av fondskapitalen gjeve ved kongelig resolusjon.

Avkastninga kan nyttast til tilskott og betinga lån.

§ 2 Føremål.

Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Fondet kan også nyttast til kommunale nærings tiltak. Prosjekter som bidreg til å betre sysselsettinga for kvinner og ungdom bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast stønad til investeringar i ikkje- varige driftsmidlar, sanering av gjeld eller til jamlege drift av verksemder.

Midlane kan heller ikkje nyttast til jamleg drift av kommunen med unntak av tiltaksarbeid og næringsplanlegging, samt avdrag på lån.

§ 3 Stønadsformar.

Stønad frå fondet kan gjevast i form av betinga lån. Vidare kan det stilles garanti for kommunale tiltak i den grad slike er gyldige garantiformål i medhald av kommunelovens § 51, jf. departementets forskrifter om kommunal garantistilling.

I tillegg kan det frå avkastninga gjevast tilskott samt betinga lån. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemder.

Dersom det teiknast kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Dette vilkåret gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerar i samarbeid med private interessentar.

§ 4 Forholdet til internasjonal forplikting på statsstøtteområdet.

Bruken av fondet må være i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet. (Sjå EØS-avtalens regelverk for offentlig støtte, EØS-tillegget til dei europeiske fellesskaps tidende nr. 32 av 3. september 1994 med seinare tillegg og endringar).

§ 5 Støttevilkår.

Samla finansiering frå fondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av det totale kapitalbehov for et prosjekt. Ved prosjekter av særleg verdi for kvinner og ungdom, og ved nyetableringar kan det gjevast inntil 75 % finansiering.

Stønad (tilskott og eventuelt subsidieelement i lån med nedsett rente) skal vera avgrensa slik:

- g. Maksimal bagatellmessig stønad må ligge innanfor til ein kvar tid gjeldande fastsett grense ECU (omregnet i forhold til referansekurs fastsett av ESA (EFTA Surveillance Authority) - EFTAs overvåkingsorgan - kvart år) til ein og same verksemd over ein tre-års periode. Verksemda som mottek stønad pliktar å opplyse kva for bagatellmessig stønad verksemda har fått dei siste tre åra.
- h. Bagatellmessig stønad kan gjevast alle verksemdar uavhengig av storleiken
- i. Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnader og næringar, unntatt stønad til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.

§ 6 Forvaltning.

Kommunestyret nemner opp fondsstyre. Om ikkje Kommunestyre vel andre organ, skal Formannskapet fungere som fondsstyre. Det er høve til å delegere avgjerslesmynde frå fondsstyret til administrasjonen innanfor nærmare gjevne fullmaktsgrensar. Slik mynde kan ikkje gå ut over dei avgrensingane som følgjer av kommuneloven sine reglar og dei kommunale og fylkeskommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane er disponible til ein kvar tid. Renter og avdrag vert ført attende til fondet. Anna plassering av midlane vert berre godteke om dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til ein kvar tid.

Fondet skal vere ein integrert del av kommunen sitt budsjett og rekneskap i samsvar med gjeldande forskrift. I tillegg skal det som vedlegg til rekneskapen lagast ei samla oppstilling av fondet sine inntekter og utgifter.

e. Klage på lovlegskap

Etter kommunelovens § 59 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe avgjersle treft av folkevalt organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet til kontroll av avgjerslas lovlegskap. Departementet si mynde til å avgjere klage på lovlegskapen er delegert til fylkesmannen, jf. departementets rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993. Frist for å krevje kontroll av lovlegskapen er ved forskrift av 13. januar 1993, jf. rundskriv H-4/93, sett til 3 veker frå det tidspunkt avgjersla vart gjeve.

To eller fleire av medlemmene i det kommunale organ som handsamar nærings saker kan krevje vedtak fatta av utvalet inn for kommunestyret innan same tidsfrist som ovafor.

f. Klage på forvaltninga (partsklage).

Vedtak om avslag på søknad om stønad vert sett på som enkeltvedtak etter § 2 i forvaltningslova. Etter § 28 i forvaltningslova 2. ledd kan enkeltvedtak gjort av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommuneloven, klages inn for kommunestyret eller en særskilt klagenemnd. Når det påklaga vedtak er gjort av kommunestyret, er departementet klageinstans. Departementet si mynde til å avgjere forvaltningsklagar er delegert til fylkesmannen, jf. rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993.

Den som er part i saken eller annan med rettsleg klageinteresse har rett til å klage.

§ 7 Årsmelding.

Det skal leggest fram ei melding om bruken av fondet for kommunestyret kvart år. Gjenpart av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 8 Godkjenning av vedtekter.

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av Fylkesmannen. Kopi av godkjente vedtekter sendes Buskerud fylkeskommune.

§ 9 Tre i kraft.

Vedtektene trer i kraft frå den dato Fylkesmannen godkjenner vedtaket.

Standardvedtekter for kommunalt Næringsfond.

§1. Næringsfond – heimel, kapital og avkastning.

g. Fondskapitalen er:

Næringsfond oppretta av Hemsedal Kommune i form av kommunale avsettingar med ein grunnkapital på kr. 250.000,- 31. desember 1992.

h. Avkastninga er:

- Renter og anna avkastning av fondskapitalen.

Avkastninga kan nyttast til tilskott og betinga lån.

§ 2 Føremål.

Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Fondet kan også nyttast til kommunale nærings tiltak. Prosjekter som bidreg til å betre sysselsettinga for kvinner og ungdom bør prioriterast.

Det **skal som hovudregel** ikkje gjevast stønad til investeringar i ikkje- varige driftsmidlar, sanering av gjeld eller til jamlege drift av verksemdar. **Midlane skal som hovudregel ikkje nyttast til jamleg drift av kommunen med unntak av tiltak som fremmer langsiktig næringsutvikling for kommunen, samt avdrag på lån”.**

§ 3 Stønadsformar.

Stønad frå fondet kan gjevast i form av betinga lån. Vidare kan det stilles garanti for kommunale tiltak i den grad slike er gyldige garantiformål i medhald av kommunelovens § 51, jf. departementets forskrifter om kommunal garantistilling.

I tillegg kan det frå avkastninga gjevast tilskott samt betinga lån. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemdar.

Dersom det teiknast kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Dette vilkåret gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerar i samarbeid med private interessantar.

§ 4 Forholdet til internasjonal forplikting på statsstøtteområdet.

Bruken av fondet må være i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet. (Sjå EØS-avtalens regelverk for offentlig støtte, EØS-tillegget til dei europeiske fellesskaps tidende nr. 32 av 3. september 1994 med seinare tillegg og endringar).

§ 5 Støttevilkår.

Samla finansiering frå fondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av det totale kapitalbehov for et prosjekt. Ved prosjekter av særleg verdi for kvinner og ungdom, og ved nyetableringar kan det gjevast inntil 75 % finansiering.

Stønad (tilskott og eventuelt subsidieelement i lån med nedsett rente) skal vera avgrensa slik:

- j. Maksimal bagatellmessig stønad må ligge innanfor til ein kvar tid gjeldande fastsett grense ECU (omregnet i forhold til referansekurs fastsett av ESA (EFTA Surveillance Authority) - EFTAs overvåkingsorgan - kvart år) til ein og same verksemd over ein tre-års periode. Verksemda som mottek stønad pliktar å opplyse kva for bagatellmessig stønad verksemda har fått dei siste tre åra.
- k. Bagatellmessig stønad kan gjevast alle verksemder uavhengig av storleiken
- l. Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnader og næringar, unntatt stønad til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.

§ 6 Forvaltning.

Kommunestyret nemner opp fondsstyre. Om ikkje Kommunestyre vel andre organ, skal Formannskapet fungere som fondsstyre. Det er høve til å delegere avgjerslesmynde frå fondsstyret til administrasjonen innanfor nærmare gjevne fullmaktsgrensar. Slik mynde kan ikkje gå ut over dei avgrensingane som følger av kommuneloven sine reglar og dei kommunale og fylkeskommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane er disponible til ein kvar tid. Renter og avdrag vert ført attende til fondet. Anna plassering av midlane vert berre godteke om dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til ein kvar tid.

Fondet skal vere ein integrert del av kommunen sitt budsjett og rekneskap i samsvar med gjeldande forskrift. I tillegg skal det som vedlegg til rekneskapen lagast ei samla oppstilling av fondet sine inntekter og utgifter.

g. Klage på lovlegskap

Etter kommunelovens § 59 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe avgjersle treft av folkevalt organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet til kontroll av avgjerslas lovlegskap. Departementet si mynde til å avgjere klage på lovlegskapen er delegert til fylkesmannen, jf. departementets rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993. Frist for å krevje kontroll av lovlegskapen er ved forskrift av 13. januar 1993, jf. rundskriv H-4/93, sett til 3 veker frå det tidspunkt avgjersla vart gjeve.

To eller fleire av medlemmene i det kommunale organ som handsamar næringssaker kan krevje vedtak fatta av utvalet inn for kommunestyret innan same tidsfrist som ovafor.

h. Klage på forvaltninga (partsklage).

Vedtak om avslag på søknad om stønad vert sett på som enkeltvedtak etter § 2 i forvaltningslova. Etter § 28 i forvaltningslova 2. ledd kan enkeltvedtak gjort av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommuneloven, klages inn for kommunestyret eller en særskilt klagenemnd. Når det påklaga vedtak er gjort av kommunestyret, er departementet klageinstans. Departementet si mynde til å avgjere forvaltningsklagar er delegert til fylkesmannen, jf. rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993.

Den som er part i saken eller annan med rettsleg klageinteresse har rett til å klage.

§ 7 Årsmelding.

Det skal leggest fram ei melding om bruken av fondet for kommunestyret kvart år.

§ 8 Godkjenning av vedtekter.

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret.

§ 9 Tre i kraft.

Vedtektene trer i kraft frå den dato Kommunestyret godkjenner vedtektene.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 30/08
Arkivsaksnr: 08/445
Arkivkode: 223

Saksbehandler: Ola K. Frogner

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 39/08	Formannskapet	22.04.2008
PS 30/08	Kommunestyret	08.05.2008

FRAMLEGG TIL NYE RETNINGSLINER FOR KRAFTFOND OG KOMMUNALT NÆRINGSFOND

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

Forslag til nye vedtekter for Næringsfondet

Saksopplysningar:

Retningslinene skal supplere vedtektene for kommunen sine to næringsfond, Kraftfondet og det kommunale Næringsfondet. Det er ikkje tidlegare laga retningslinjer for dei vedtektene som gjeld i dag.

Føremålet med bruken av næringsfonda generelt er å fremje næringsetablering av ny næringsverksemd og vidareutvikling av eksisterande verksemder, jfr. rundskriv H-17/98 – ”Standardvedtekter for kommunale næringsfond (kraftfond) gjeve i vannkraftsaker”. Tiltak som vert støtte kan mellom anna vere kommunalt nærings- og tiltaksarbeid, utvikling av private verksemder og investeringar i verksemder.

Vedtektene for fondet angir ytre ramme for bruken av midlene. Retningslinene vil avgrense og tydeleggjere kommunen si prioritering for bruken av fondet. Bruken av midler til offentlig tiltaks- og næringsarbeid har færre restriksjoner enn stønad til verksemder. Retningslinene er primært retta mot private verksemder, enkeltmannsføretak og organisasjonar. Dei kan endrast ved behov og treng ikkje stadfesting av Fylkesmannen ved endringar, men dei må ligge inna

ramma til gjeldande vedtekter (førebels ikkje vedteke, sjå førre sak). Foruten retningsliner vil anna planverk leggje føringar for kommunalt næringsarbeid. (t.d. Reiselivsplan og Landbruksplan).

I tillegg er forslaget basert på erfaringar frå praksis, samt andre kommuner. Retningslinene bør primært angi type tiltak som kan støttes, virkemiddel, maksimal stønad i beløp eller andel, og vilkår for tildeling.

Forhold til overordna plan:

Retningsliner byggjer på framlegg til nye vedtekter for Næringsfondet og Kraftfondet.

Miljøkonsekvensar:

Ingen direkte.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen direkte.

Vurdering:

Det er lagt opp eit sett felles retningsliner for det kommunale Næringsfondet og Kraftfondet.

Retningsliner vil gje betre brukarvennlegheit og betre oversikt over mogelegheitane for kommunal stønad samt oversikt over vilkår og krav til både søknad og søkjer. I tillegg bidreg det til ei kvalitetssikring av sakshandsaminga vedrørande kriterier og vilkår for stønad.

Landbruks- og Reiselivsplanen vil angi prioriterte oppgåver. I tillegg har kommunen regionale og overordna planer som også vert lagt til grunn for kommunen si satsing. Planane peikar på tiltak som bør kunne stimulerast og kunne støttast, men er ikkje uttømmende mht aktuelle tiltak.

Alternativet er at ein konkret seier kva for tiltak som kan støttes, og dermed utelate anna. Sakshandsamar ser det som lite hensiktsmessig å ikkje utarbeide uttømmende retningsliner for kva som kan støttast, men i staden angi kva som klart ikkje kan støttast. På denne måten utelet ein ikkje gode tiltak som eventuelt vert utegløymt. Sakshandsamar vil rå til at ein fortsatt likestiller næringane, men med unnatak av dei som ikkje kan motta slik stønad, jfr. framlegg til nye vedtekter. Ein må imedan skilje mellom type tiltak (t.d. investeringar og bedriftsutviklingstiltak) og type verkemiddel (investeringslån og tilskot).

Dei retningslinene som er foreslått er så langt sakshandsamar kjenner til kun ei stadfesting av den forvaltningspraksis ein har fulgt dei siste åra med tillegg av einskilde nye moment. Mellom anna er det no forslag om eit minimum kostnadsoverslag på tiltak før saka normalt vert handsama. Dette for å unngå tidkrevjande sakshandsaming på saker som sansynlegvis vil gjennomførast, uavhengig av stønad eller storleiken på stønaden. I tillegg er det forslag på 3 års frist for gjennomføring av tiltaket, hevingsplikt, plikt for attendebetaling, og informasjonsplikt.

Kompetanse synast å vere eit sentralt element i høve til næringslivet si framtidige konkurransekraft. Samstundes, miljørettede prosjekt gir ofte, isolert sett låg avkastning. Ei framleis satsning her bør imedan gje grunnlag for (auka) avkastning på ander områder. Desse punkta er foreslått som nye tema for ei utvida maksimalsats jfr. § 5.

Framlegg til retningsliner følgjer vedtektene si oppbygning. Behov for eventuelle endringar i retningslinene over tid kan dermed lett oppdaterast på bakgrunn av lokale politiske vedtak. Rådmann har ansvar for å endre retningslinjene med bakgrunn av slike vedtak.

Eventuell avgrensing eller prioritering kjem klart fram ved å samanlikne til dømes § 5 i vedtektene og § 5 i retningslinene. **Utheva tekst** synar kva søkjer sjølv må gjere i forhold til ein søknad om stønad.

Vedtektene for Kraftfondet er førebels ikkje stadfesta av Fylkesmannen, ei heller har Kommunestyret vedtatt nye vedtekter for det kommunale Næringsfondet. Ein ser likevel nytta av å sjå framlegg til vedtekter og fram legg til retningsliner i ein samheng i samband med handsaminga.

Dersom vedtektene likevel må endrast, kan dette innebære ny handsaming av både vedtekter og retningsliner.

Rådmannen si tilråding:

Felles retningsliner for bruk av det Kommunale Næringsfondet og Kraftfondet i Hemsedal kommune

Jfr. Kommunestyrevedtak XXXX/08

Ytre ramme for bruken av næringsfonda i Hemsedal kommune er regulert av vedtektene for fonda jfr. (K-sak xx/08 med stadfesting av fylkesmannen xx.yy.08)

§1. Kraftfond og kommunalt Næringsfond

Fonda skal berre nyttast til lån, herunder ansvarlege lån, og/ eller avsettast til garantifond. Avkastninga kan nyttast til tilskott og betinga lån.

§ 2 Føremål.

Fondet skal følgje til ein kvar tid vedtekne sektor- eller næringsplanar, slik som Plan for Reisliv og Landbruksplan. Hovudmålet er eit "voksande næringsliv" med vekst innan reiseliv, landbruk, handverk og industri.

Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsføremål i form av vidareutvikling av eksisterande og etablering av ny næringsverksemd. Dette inkluderer også investeringar i kommunale og regionale fellestiltak.

Det skal som hovudregel ikkje gjevast stønad til investeringar i ikkje- varige driftsmidlar, sanering av gjeld eller til jamlege drift av verksemdar. Midlane skal som hovudregel ikkje nyttast til jamleg drift av kommunen med unntak av tiltaksarbeid og næringsplanlegging, eller tiltak som fremmer langsiktig næringsutvikling for kommunen, samt avdrag på lån.

Alle næringar skal stilles likt ved tildeling frå næringsfondet, men kompetanserettande tiltak, miljørettede tiltak og tiltak som bidreg til auka sysselsetting for kvinner og ungdom i kommunen vert prioritert.

Søker må synleggjere at tiltaket ligg innafor føremålet og/eller kommunen sine vedtekne planer og/ eller overordna planer (fylkesplanar).

§ 3 Stønadsformar.

Stønad kan gjevast i form av tilskott, lån, garanti eller ved teikning av aksjar. Etter konkrete vurderingar kan kombinasjonar av to eller fleire støtteformar bli gjevne til same tiltak. Støtteform er uansett avgrensa av tilgjengelege midlar jfr. vilkåra i §1 ovafor. Som ein hovudregel skal tilskott skal vere hovudverkemiddelet.

Det kan stilles garanti for kommunale tiltak i den grad slike er gyldige garantiføremål i medhald av kommunelovens § 51, jf. departementets forskrifter om kommunal garantistilling.

Det kan teiknast kommunale aksjar, men dette kan ikkje utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen. Avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerar i samarbeid med private interessentar.

Søker må sjølv angje kva for finansieringsform som er mest ønskeleg, spesielt i høve til framtidig trong for kapital.

